



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
88/2015	Kommunestyret	PS	14.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Truls Morten Kaland	FE - 151	14/1348

### DIVERSE - ÅRSAVSLUTNING 2015

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner følgjande justering og føringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2015:

DRIFTSBUDSJETT		Beløp
	<b>Bruk av midler</b>	
Bruk av Flyktningefond 2.561125	Avskrivning flyktningeboliger, kto 1940.1125.265	kr 20 000
Finansiering av Eigenkapitalinnskot til KLP. Finansierte med reduserte driftsmidler.	Konto 1570.1199.180, overføring til kapitalrekneskapaen, vert auka	kr 6 200 000
	Bruk av premiefond i drift. Konto 1091.1199.180, vert redusert	kr 6 200 000
	Auka låneopptak, jfr 2.tertialrapport.	kr 6 000 000
KAPITALBUDSJETT		Beløp
	<b>Bruk av midler</b>	
Eigenkapitalinnskot / Aksjekjøp KLP.	Konto 3529.1190.172 kjøp av aksjar	kr 8 100 025
	Bruk av Fond 2.569900	kr 1 900 025
Finansiering av Eigenkapitalinnskot til KLP. Finansierte med overføring frå driftsbudsjett.	Konto 3970.9900.880, overføringar frå driftsrekneskapaen, vert auka	kr 6 200 000
Kjøp av naustetomt på Stanghelle	Bruk av Kapitalfond (VOE-fond) 2530010	kr 328 525
	<b>Justering av investeringsbudsjettet</b>	
	Investeringar skulebygg m/lån og Strakstiltak Dale Barne- og Ungdomsskule: Meirforbruk i 2015 vert dekkja av tilsvarande redusert løyving i budsjettet for 2016. Vert finansierte i 2015 med lån med rentekompensasjon.	kr 1 066 453
	Eigedomsforvaltninga byggtjenester, reduksjon	-kr 466 226
	Ombygging av 5.etg Heradshuset, auke	kr 790 055
	Prosjekt Gateadresser	kr 120 000
	Sum	kr 1 510 282
	Finansierte ved salsmidler	kr 556 309
	Finansierte med auka låneopptak	kr 953 973

Det vert avsett til Flyktningefond 2.561125 med føresetnad om at det vert overskot.

Vaksdal kommunestyre godkjenner også at følgjande budsjettbeløp vert justert i 2015 og tatt inn igjen i budsjett 2016 ved justering: Tettaneset bu-visjon: kr 10.250.000,-. Bustader Lavik: kr 3.700.000,-

For dei prosjekta som ikkje skal dekkast av fond, vil vi redusere lån, salsinntekter og andre frie inntekter ved behov.

## Kommunestyret - Sak 88/2015

### **KOM - Behandling:**

Samrøystes vedtak.

### **KOM - Vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner følgjande justering og føringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2015:

<b>DRIFTSBUDSJETT</b>		<b>Beløp</b>
	<b>Bruk av midler</b>	
Bruk av Flyktningefond 2.561125	Avskrivning flyktningeboliger, kto 1940.1125.265	kr 20 000
Finansiering av Eigenkapitalinnskot til KLP. Finansierte med reduserte driftsmidler.	Konto 1570.1199.180, overføring til kapitalrekneskapa, vert auka	kr 6 200 000
	Bruk av premiefond i drift. Konto 1091.1199.180, vert redusert	kr 6 200 000
	Auka låneopptak, jfr 2.tertialrapport.	kr 6 000 000
<b>KAPITALBUDSJETT</b>		<b>Beløp</b>
	<b>Bruk av midler</b>	
Eigenkapitalinnskot / Aksjekjøp KLP.	Konto 3529.1190.172 kjøp av aksjar	kr 8 100 025
	Bruk av Fond 2.569900	kr 1 900 025
Finansiering av Eigenkapitalinnskot til KLP. Finansierte med overføring frå driftsbudsjett.	Konto 3970.9900.880, overføringar frå driftsrekneskapa, vert auka	kr 6 200 000
Kjøp av naustetomt på Stanghelle	Bruk av Kapitalfond (VOE-fond) 2530010	kr 328 525
	<b>Justering av investeringsbudsjettet</b>	
	Investeringar skulebygg m/lån og Strakstiltak Dale Barne- og Ungdomsskule: Meirforbruk i 2015 vert dekkja av tilsvarande redusert løyving i budsjettet for 2016. Vert finansierte i 2015 med lån med rentekompensasjon.	kr 1 066 453
	Eigedomsforvaltninga byggtjenester, reduksjon	-kr 466 226
	Ombygging av 5.etg Heradshuset, auke	kr 790 055
	Prosjekt Gateadresser	kr 120 000
	<b>Sum</b>	<b>kr 1 510 282</b>
	Finansierte ved salsmidler	kr 556 309
	Finansierte med auka låneopptak	kr 953 973

Det vert avsett til Flyktningefond 2.561125 med føresetnad om at det vert overskot.

Vaksdal kommunestyre godkjenner også at følgjande budsjettbeløp vert justert i 2015 og tatt inn igjen i budsjett 2016 ved justering: Tettaneset bu-visjon: kr 10.250.000,-. Bustader Lavik: kr 3.700.000,-

For dei prosjekta som ikkje skal dekkast av fond, vil vi redusere lån, salsinntekter og andre frie inntekter ved behov.

## Saksopplysningar:

Drifts- og investeringsrekneskapan må avstemmast i høve framdrift og andre endringar i året. Framlegg til vedtak er basert på det vi er kjent med så langt i året.

### Driftsbudsjett tenesteområda

I 2.tertial 2015 vart driftsbudsjettet justert opp med 6 mill tilsvarande avviket. I vedtaket pkt 3 står det: «Årets låneopptak vert auka med inntil 6 mill. Endeleg framlegg om låneramme vert lagt fram som eiga sak i desember.» I denne saka vert endeleg låneramme for 2015 fastlagt.

### Avsetjing og bruk av Flyktningefond

Kommunen får tilskot til busetting og kvalifisering av flyktningar. Midler som ikkje vert nytta i året er vedtatt sett av for seinare utbetaling og til dekning av utgifter som kjem seinare i introduksjonsprogrammet. Vi bruker også flyktningefond til å dekke avskrivningar på flyktningeboliger.

### KLP Eigenkapitaltilskot

Etter endring av pensjonsleverandør og overføring til KLP, må Vaksdal kommune betale inn eigenkapital. Det er tidlegare sett av kr 6.200.000,- til finansiering av dette. Det er ikkje mogeleg å bruke dette direkte frå premiefondet, men premiefondet kan nyttast til å redusere årets pensjonskostnad tilsvarande det som er sett av. Dette reduserer driftsrekneskapan, og vi kan auke overføring frå drift tilsvarande kr 6.200.000,-. Samla eigenkapitalinnskot i KLP er kr 8.100.025,-. Av dette er EK innskot for sjukepleiarar kr 156.028,- og EK innskot for øvrige kr 7.943.997,-. Differanse mellom eigenkapitaltilskot og tidlegare avsett er kr 1.900.025,- som vert foreslått finansiert ved bruk av fond 2.569900 (Avkastning innskoten kapital)

### Endringar i investeringsbudsjett

Vi har nokre prosjekt som vi no ser kjem seinare til utteljing enn budsjettert. Vi må difor foreta nedjustering av investeringsbudsjett som skuldast forseinka eller utsett oppstart. Prosjekta er: Tettenesten bu-visjon og Bustader Lavik. Desse prosjekta vil verte oppjustert i 2016.

Nokre prosjekt viser avvik som følgje av meir- og mindreforbruk. Det vert gjort framlegg om omfordeling av budsjettmidler, bruk av fond, bruk av salsinntekter og auka låneopptak for å finansiere forventa meirforbruk på prosjekta.

- Investeringar i skulebygg m/lån med rentekompensasjon og Straktstiltak Dale Barne- og ungdomsskule: Forprosjekt for Dale barne- og ungdomsskule, tilstandsvurdering av bygg oppvekst, arbeid med skulebruksplan har hatt høgare kostnad enn det som var sett opp i budsjett for 2015. Hovudårsaka til avviket er knytt til tilstandsvurderinga. I tillegg har det vore noko gjenståande arbeid på skular knytt til miljøsertifisering, elektroarbeid, heis m.m. Samla er det avsett kr 3.310.000,- til dette. Av dette er 2,5 mill knytt til lån med rentekompensasjon. I økonomiplanen er det avsett kr 1.400.000,- i 2016 til lån med rentekompensasjon. I tillegg er det ubruke lånemidler frå tidlegare år på kr 305.000,-. Samla er det i 2015 vorte nytta kr 3.737.287,-. Det vert foreslått at ein forskotterer bruk av midler som er avsett i 2016 av ramme for lån med rentekompensasjon og finansierer meirforbruket med auka låneopptak i 2015.
- Ombygging 5.etg Heradshuset: Gjeld kontorlokale for PPT til erstatning for eldre bygg ved Dale barne og ungdomsskule, jamfør vedtak i kommunestyresak 49/2015. Som følgje av helserisiko samt at kostnadane ved utbetring muggsopp i kjeller var høgare enn ombygging vart dette tiltaket sett i verk utan vedtak om budsjetttramme. Samla er det nytta kr 790.055,-. I løpet av perioden 2010-2015 er de unytta midler til investeringar i eigedom (Eigedomsforvaltninga byggtjenester) på kr 466.226,- som i er tenkt nytta til deler av ombygginga i 5.etg Heradshuset. Rest vert kr 323.829,- som vert foreslått finansiert med auka låneopptak i 2015.

- Gateadresser: For prosjekt gateadresser står det att noko arbeid med skilting av kommunale vegar. Samla er vert kostnadene om lag kr 970.000,- for perioden 2014-2015, noko som er kr 120.000,- høgare enn budsjettet.
- Naustetomt Stanghelle. Viser her til Kommunestyre sak 43/2015. Rådmannen fekk fullmakt til å forhandle fram og inngå avtale om kjøp av eigedommen gnr. 20, bnr. 478 på Stanghelle i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd. Løyvinga skal finansierast frå Kapitalfond (VOE-fond) 2530010, og eventuell refusjon/stønad frå Miljødirektoratet skal tilbakeførast fondet. Endeleg kjøpesum inkl tinglysingskostnader vart kr 328.525,- som skal finansierast frå Kapitalfond (VOE-fond).
- Salsinntekter fråtrukke omkostningar frå sal av Postvegen er kr 985.532. Det er framleis lån knytt til dette og eit tilskot som samla vil utgjere kr 429.223,- pr 31.12.15. Dert vert foreslått å foreta innbetaling av dette lånet og nytte resten på kr 556.309,- til delvis finansiering av meirforbruk på investeringsprosjekta.